



Arkivnr: 2014/11837-14
Saksbehandlar: Kristoffer Gilhus

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		03.05.2018

Sandsli videregående skole - leige av idrettshall - avtaleforlenging

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har i mange år leigd lokale i Sandsli Sportssenter til kroppsøving for Sandsli vgs.

Eit eigedomsselskap overtok lokala via verksemdoverdraging på nyåret, og har forhandla med fylkeskommunen om ein meir langsiktig avtale på 10 år. Vilkåra i den eksisterande avtalen er i all hovudsak vidareført til det nye leigetilhøvet. Skulen har rett til å nytte dei same areala i skuletida kvar dag, og årsleiga vert den same, kr 1.661.000.

Vi har ikkje betalt felleskostnadar før, og etter utløpsdato for eksisterande avtale vil vi betale høvesvise felleskostnadar, dvs. at vi betalar kr 323.400 pr. år i tillegg til årsleiga frå 01.07.2022.

Leigeavtalen er vedlagt.

Fylkesrådmannen rår til at leigeavtale mellom Hordaland fylkeskommune og Sandslihaugen Eiendom AS vert godkjent.

Økonomi: Uendra fram til juli 2022, deretter auka leigekostnadar.

Klima: Ingen kjend verknad

Folkehelse: Ingen kjend verknad / uendra

Regional planstrategi: Ingen kjend verknad

Forslag til innstilling/vedtak

Fylkesutvalet godkjenner vedlagte avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Sandslihaugen Eiendom AS som gjeld leige av Sandsli Sportssenter.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Avtale
- 2 Bilag til avtale - teikning leigeareal
- 3 Oversiktskart

Fylkesrådmannen, 09.04.2018

Hordaland fylkeskommune har i mange år leigd lokale til kroppsøving til Sandsli vgs. i Sandsli Sportssenter. Sportssenteret ligg på gnr. 116 bnr. 179, adressa er Sandslihaugen 10, og både skulen og sportssenteret er merkt på vedlagt oversiktskart.

Den gjeldande avtalen varar til 01.07.2022.

Eigedomsselskapet Midgard Gruppen AS overtok lokala via verksemdoverdraging av Sandslihaugen Eiendom AS på nyåret 2018, og har forhandla med fylkeskommunen om ein meir langsiktig avtale. Vilkåra frå den eksisterande avtalen er i all hovudsak vidareført i det nye leietilhøvet, og avtalen er forlenga med 10 år, fram til 01.07.2028.

Skulen har rett til å nytte dei same areala i skuletida kvar dag, og årsleiga vert den same, kr 1.661.000.

Det har fram til no ikkje vore rekna felleskostnadar. Noverande avtale varar til 01.07.2022, og frå denne datoen aksepterer vi ein ekstra kostnad på kr 323.400 pr. år, som er halvparten av ordinære felleskostnadar, og som svarar til skulen si høvesvise bruk av hallen.

Leigeavtalen er vedlagt.

Fylkesrådmannen rår til at leigeavtale mellom Hordaland fylkeskommune og Sandslihaugen Eiendom AS vert godkjent.